



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 02.05.2019  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

| Frammøtte medlemmer     | Parti | Rolle        | Merknad |
|-------------------------|-------|--------------|---------|
| Tom Kristian Thorsen    | SO    | Ordfører     |         |
| Linda Neset             | SO    | Medlem       |         |
| Ann-Jorunn Farestveit   | SO    | Medlem       |         |
| Frank Stian Steinsland  | SO    | Medlem       |         |
| Håvard Engeseth         | SO    | Medlem       |         |
| Sigmund Vikane          | SO    | Medlem       |         |
| Robert Helland          | SO    | Medlem       |         |
| Kristin Nåmdal          | SA    | Varaordfører |         |
| Liv Anne Aanesen        | SA    | Medlem       |         |
| Svanhild Moberg Nordaas | SA    | Medlem       |         |
| Roger Wilhelm Fure      | SA    | Medlem       |         |
| Anne Britt Almelid      | SA    | Medlem       |         |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle  | Merknad       |
|---------------------------|-------|--------|---------------|
| Kjetil Eikefet            | SA    | Medlem | Meldt forfall |

| <b>Frammøtte<br/>varamedlemmer:</b> | <b>Parti</b> | <b>Rolle</b> | <b>Merknad</b>          |
|-------------------------------------|--------------|--------------|-------------------------|
| Nina Bolstad Eidsnes                | SA           | Varamedlem   | Vara for Kjetil Eikefet |

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>  |
|--------------|--|
| 020/2019     | Godkjenning av innkalling og sakliste  |
| 021/2019     | Godkjenning av møteprotokoll   |
| 022/2019     | Orienteringssaker  |
| 023/2019     | Eigarskapsmelding - Modalen kommune.   |
| 024/2019     | IKT Nordhordland - utviding med fleire kommunar og endring av samarbeidsavtale |
| 025/2019     | Revidering av reglement for godtgjersle til folkevalde.                        |
| 026/2019     | Val av nye representantar til røystestyret 2017 - 2019                         |

**Notat frå møtet:**

020/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

021/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

022/2019: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte om høring ang nasjonal ramme vindkraft, med frist 1.okt. Sigmund Vikane stilte spørsmål om korleis prosessen vert vidare ang høringsuttale frå Modalen. Han foreslo samstundes å setje ned eit partssamansett utval av politikarar og administrasjonen, som skriv ein grundig politisk uttale som vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

Ordførar svara at han støttar Vikane i at uttalen bør vere politisk, og at administrasjonen kan bidra med dokumentasjon og faktagrunnlag.

Kristin Nåmdal foreslo at administrasjonen utarbeider framlegg til høringsuttale, som så vert supplert med politisk uttale/innspele.

Anne Britt Almelid foreslo at arbeidet med høringsuttale bør diskuterast på gruppemøter før ein tar stilling til prosessen vidare.

Ordførar tek med seg alle innspela som kom ang høringsuttale om nasjonal ramme for vindkraft, og vil leggje fram forslag til prosess på neste kommunestyremøte.

Kristin Nåmdal la fram at Modalen bør vere politisk representert på regionalt innspelsmøte om vindkraft, som NVE arrangerer på Flesland 23.mai. Kommunestyret slutta seg til dette. Ordførar føl opp saka ang påmelding.

Sigmund Vikane stilte spørsmål til saka om evt båtrute til Modalen, som vart handsama i Næringsfondstyret i april. Er dette med båtrute til Mo no heilt låst, eller kan det vere mogleg å få til noko i framtida. Ordførar svara at han ikkje kan gå inn på detaljar i saka, då den vart handsama i lukka møte, men at han skal følgje opp saka vidare. Liv Anne Aanensen tok til orde for at det kanskje kan vere andre aktørar som er interessert i, og ser potensial til å starte ei lønnsam båtrute mellom Bergen og Mo.

Ordførar informerte om at det ikkje er noko nytt ang asfaltering/vegvedlikehald sidan førre møte. Det same gjeld rammetiltaka for Modalen i Nordhordlandspakken.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om status på rassikring ved fotballbana. Rådmannen orienterte om at ein no er ferdig med spyling/rydding med helikopter. Kommunen hadde håpa at det var nok til å kunne opne bana, og at permanent rassikring kunne gjerast i etterkant. Etter ny befarung har geologen fråråda at bana kan opnast før permanent rassikring er på plass. Det vert no vurdert om dette må gjerast ved å etablere ein rasvoll, eller om det finnes alternative løysingar, som til dømes gjerde. Administrasjonen kjem tilbake med meir informasjon når dette er avklart.

Rådmannen informerte om at saka om krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Steinslands-/Modalsvassdraget i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra i Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget no er ute på høyring, med svarfrist 20. mai

#### Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

023/2019: Eigarskapsmelding - Modalen kommune.

#### Behandling:

Kristin Nåmdal og Anne-Britt Almelid var inhabile og tok ikkje del i handsaminga eller drøftinga. Assisterande rådmann orienterte om eigarskapsmeldinga og svara på spørsmål. Sigmund Vikane hadde nokre framlegg til endringar på formuleringar i teksten som kommunestyret slutta seg til. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vedtek «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» m/ vedlegg og justeringar i møte, slik ho ligg føre.

---

024/2019: IKT Nordhordland - utviding med fleire kommunar og endring av samarbeidsavtale

Behandling:

Ordførar og rådmann orienterte om saka.  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

---

025/2019: Revidering av reglement for godtgjersle til folkevalde.

Behandling:

Ordførar orienterte om saka  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vedtek vedlagte reviderte utgåve av «Modalen kommune - Reglement for godtgjering til folkevalde» slik ho ligg føre.

---

026/2019: Val av nye representantar til røystestyret 2017 - 2019

Behandling:

Ordførar orienterte om saka  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Ny medlem til røystestyret, Øvre Helland: Terje Øvre Helland**

**Ny medlem til røystestyret, Mo : Irene Vold**

**Ny nestleiar til røystestyret på Mo: Jarle Midtun**

---